

**Sakshandsamar:**Mari Johansen Aune
E-post: Mari.Johansen.Aune@sfj.no
Tlf.: 93286541

Eva Moberg

E-post: Eva.Moberg@sfj.no

Ida-Beate Mølmesdal

E-post: ida-beate.molmesdal@sfj.no

Susan Tanja Solbrå

E-post: susan.tanja.solbraa@sfj.no**Vår ref.**Sak nr.: 17/8987-9
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 16.08.2018

Førde kommune
Postboks 338

6802 FØRDE

Framlegg til høyringsvar til Førde kommune, samfunnsdelen til kommuneplan 2018-2030

Vi viser til høyring av samfunnsdelen til kommuneplanen 2018-2030. Fylkeskommunen vart ved ein feil ikkje varsla om høyringa, og har difor fått utsett høyringsfrist til 5 september. Første moglege politiske handsaming er i møte til fylkesutvalet 31. aug. Saksframstillinga til fylkesutvalet er ei kortfatta samanstilling av dette høyringssvaret, med fokus på dei punkta som er mest relevante for regionale og nasjonale politiske interesser og føringar. Saka til fylkesutvalet er vedlagt.

Høyringsvaret kjem med planfaglege innspel til korleis kommunen kan styrke handlingsdelen med føringar for arealdelen. Vidare inneheld høyringsvaret konkrete innspel om korleis fylkeskommunen som regional planmynde ventar at kommunen følgjer opp fagområda klima, kulturarv, næring, sentrumsutvikling, attraktive bustader og naturmiljø gjennom samfunnsdelen.

Bakgrunn for saka

I følgje Plan og bygningslova § 11 - 2 skal samfunnsdelen: «...ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.»

Samfunnsdelen skal i følgje pbl § 11 - 1 ha ein; «handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, (...) Økonimiplanen etter kommuneloven §44 kan inngå i handlingsdelen.»

Samfunnsdelen skal leggjast til grunn både for kommunen si verksemd og for den verksemda fylkeskommunen og staten har i kommunen. For at samfunnsdelen skal vere eit godt verkøy for oppfølging, bør samfunnsdelen vere tydeleg i å definere korleis dei overordna måla skal nåast gjennom strategiar og tiltak. Handlingsdelen bør vere så detaljert at ein og presiserer ansvar for oppfølging av tiltaka. Sentralt i arbeidet med samfunnsdelen står at planen skal vere eit styringsverktøy for kommunen. Det er difor viktig at planen med utgangspunkt i utfordringar og moglegheit i samfunnsutviklinga definerer tydelege mål for ønska samfunnsutvikling og definerer strategiar for å oppnå den ønskta utviklinga. Vidare må ein med utgangspunkt i strategiane definere tydelege tiltak i handlingsdelen til planen.

Samfunnsdelen skal og legge føringar for arealdelen til kommuneplanen. Samfunnsdelen bør vere tydeleg på korleis strategiane og tiltaka i planen legg føringar for framtidig arealbruk i kommunen.

Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen blei vedteken i 2014 med visjonar fram mot 2026. Bystyret i Førde vedtok i kommunal planstrateg 2016-2020 at det skal gjerast ei enkel rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Det vart utarbeidd eit felles planprogram for dei to planane hausten 2017. Planprogrammet var sak i regionalt [planforum 13.12.2017](#), og fylkeskommunen gav høyringssvar til saka.

Kort om planen

Førde vert del av ny Sunnfjord kommune frå 2020, og ein skal då utarbeide ein ny felles kommuneplan for den nye kommunen. Førde kommune har difor valt at ein denne gongen skal gjennomføre ei enkel rullering. Ein har valt å bygge vidare på dei fokusområda som ligg i gjeldande plan. Den overordna målsettinga i planen er ført vidare frå gjeldande plan: **Fram mot 2030 skal Førde ha ein årleg folketalsvekst på minimum 1,5 % og ei sysselsettingsvekst som ligg minst på landssnitt.**

For å nå det overordna målet har planen 3 fokusområde som kommunen meiner er sentrale for å oppnå vekst. Til kvart av fokusområda er det peika ut kva kommunen skal satse på for å nå fokusmåla i 2030. Satsingsområda er vidare organisert i kvart sitt delkapittel, der ein ser nærmare på sttus i dag, med sterke sider og utfordringar, og tiltak som ein vil gjere for å nå målet innan 2030. Lista over tiltak inneheld og føringar for arealdelen. Til sist i planen har ein prioritert 10 av tiltaka frå planen som er prioritert for oppfølging i kommuneplanen sin handlingsdel dei neste 4 åra.

	Fokusområde	Dette satsar vi på
Førde som samfunn	Førde – ei drivkraft i regionen	<ul style="list-style-type: none"> - Førde i vekst - Førde – eit berekraftig samfunn tilpassa klimaendringane - I Førde har vi varierte arbeidsplassar, gode utdanningstilbod og er attraktive for nyetablerarar - Førde skal vere kjent som ein kompakt by med urbane kvalitetar, pulserande kulturliv og internasjonalt mangfald
	Førde – for menneske i alle livets fasar	<ul style="list-style-type: none"> - Førde har alle ein god stad å bu - I Førde er vi aktive og har ei meningsfull fritid - I Førde har vi trygge og gode oppvekstvilkår - I Førde er vi godt rusta til å møte endra folkesamansetnad
Førde som organisasjon	Førde kommune – ein berekraftig og effektiv organisasjon	<ul style="list-style-type: none"> - Førde kommune - ei drivkraft i utvikling av berekraftige og gode tenester - Førde kommune - ein attraktiv, inkluderande og god arbeidsplass

3. Vurderingar og konsekvensar

Hovudinntrykket er at planen har ein oversiktleg struktur, og der det er enkelt å lese samanhangen mellom målbylde, skildringa av no-situasjonen, ønska framtidsbilete og tiltak. Men, det kjem ikkje tydeleg fram korleis planen vert følgt opp gjennom handlingsdel.

Fylkeskommunen har rolle både som planfagleg rettleiar og som planmynde. Dette høyringssvaret inneheld difor både planfagleg rettleiing knytt til kva som er aktuelle plangrep. Vidare inneheld høyringssvaret faglege innspel knytt til korleis fylkeskommunen som regional planmynde ventar at kommunen følgjer opp regionale føringar som er stadfesta i regionale planer og strategiar.

Handlingsdelen

Etter plan og bygningslova § 11 - 1 skal samfunnsdelen ha ein handlingsdel som tydeleggjer korleis strategiane skal følgast opp i 4 - årsperioden.

Framlegget dykkar inneheld lister med moglege tiltak for alle deltema i planen. Inntrykket er at det er god samanheng mellom dei utgreiingane som er gjort i planen og dei tiltaka som er lista opp.

For å styrke tiltaka bør ein definere kven som har ansvaret for gjennomføring og kven som er aktuelle samarbeidspartnarar i kvart einskild tiltak. Fylkeskommunen ønskjer å vere ein samarbeidspart for kommunen. Dei ulike fagavdelingane vil kunne ha tiltak og program som kan vere ei støtte i dette. Vi har og støtteordningar for tiltak innan nærings - og samfunnsutvikling. **For å styrke koplinga til kommunen sin økonomiplan bør ein så langt det er mogleg tydeleggjere kostnad for tiltaka og ressursfordeling mellom dei ulike tiltaka.**

Planen inneheld ikkje ein ferdig handlingsdel, men kapittel 6 legg føringar for handlingsdelen. Slik vi forstår det skal handlingsdelen vedtakast som eiga sak på eit seinare tidspunkt, men det er noko uklart når og korleis dette skal skje. Vi minner om plan – og bygningslova §11-1, som stadfestar at samfunnsdelen til kommuneplanen skal ha handlingsdel som definerer korleis planen skal følgast opp i dei neste fire åra. **Samfunnsdelen er ikkje komplett før det er utarbeidd ein handlingsdel.**

Føringar for arealdelen

Samfunnsdelen skal legge føringar for arealdelen. Det er ei styrke ved framlegget at de har konkretisert korleis kvart tiltak skal følgast opp i arealdelen. Fleire av tiltaka skal lokalisert ved å «sikre areal i arealdelen». Her burde ein i tillegg legge føringar for kva eigenskapar eller lokalisering desse areala bør ha, eller kva føresegner og retningslinjer som skal gjelde for tiltak på arealet. **Ein bør styrke føringane for arealdelen ved å konkretisere kor store areal som trengs for å følgje opp dei einskildte tiltaka, kva eigenskapar dette arealet bør ha, og kva føringar som bør knytast til dette arealet. Meir konkrete innspel til faglege føringar for arealdelen følgjer under utgreiingane av fagområda klima, kulturarv, næring, sentrumsutvikling, attraktive bustader og naturmiljø.**

Klima

[Regional plan for klimaomstilling 2018-2021](#) med tilhøyrande kunnskapsgrunnlag, plandel og handlingsprogram blei vedtatt i fylkestinget i juni 2018. Planen legg føringar for korleis fylket skal klimaomstille seg, og legg opp til ei klimaomstilling som inkluderer både utsleppsreduksjon, klimatilpassing og samfunnsendring. I framlegget har de ikkje presisert kva de meiner med *klimaomstilling* og korleis ein definerer eit *berekraftig* samfunn. Kommunen er med på å lagar den fyrste kommunale planen med klimaomstilling som hovudtema, i landet. Omsyn til klimaendringane er trekt fram som eit av dei tema som skal ligge til grunn for planen. «Førde – eit berekraftig samfunn tilpassa klimaendringane» er i tillegg eit av dei 10 satsingsområda i planen. Kapittel 3.2 tek føre seg dette satsingsområdet. Framtidsvisjonane og handlingsdelen i dette kapitlet verker likevel noko uklære når det kjem til ambisjonar og konkretisering av tiltak knytt til klimaomstilling. **Samfunnsdelen bør ha tydeleg samanheng med den kommunale planen om klimaomstilling, og klimaomstilling bør difor ha ein meir sentral posisjon i samfunnsdelen og i handlingsdelen.**

Vi viser til vårt innspel til planprogrammet for kommuneplanen. **Samfunnsdelen bør legge tydelegare føringar for korleis målsettinga om klimaomstilling skal følgast opp i arealdelen til kommuneplanen gjennom retningslinjer og rutinar for arealbruk.**

Under tiltaket «implementere FNs berekraftsmål i arbeidet med utvikling av organisasjonen og Førdesamfunnet» er «sikre infrastruktur som bidrar til å fremje berekraftig utvikling» sett som føring for arealdelen. Det er ikkje klart kva type infrastruktur ein her siktar til, og om ein med «berekraftig utvikling» siktar til å handtere klimaendringane, eller om det er andre aspekt ved berekraftig utvikling ein skal sikre ved infrastrukturtiltak. I eit klimaomstillingsperspektiv er det viktig at fysisk infrastruktur er dimensjonert for å handtere og trygge samfunnet mot ekstremver som styrtregn, flaum og tørke, og hendingar som skred og havnivåstigning. Slik

infrastruktur kan mellom anna vere infrastruktur for vatn og avlaup, grøntområde for å sikre god drenering av overvatn og flaum og infrastruktur for å sikre samfunnet for ras-hendingar.

Slike infrastrukturtiltak er også nært relatert til tiltaket i planen om å «bida(r) til å sikre allmenn tilgang til grunnleggande behov som trygg bustad, trygge møteplassar, trygg transport og grøntområde på ein berekraftig måte og til overkommelige prisar». Eit trykt samfunn må og vere tilpassa klimaendringane som vi opplever i dag og i framtida. **Som føring til arealdelen bør ein, i tillegg til å sikre areal til dei ulike utbyggingsføremåla, i tillegg legge føringar for korleis areala skal vere tilpassa klimaendringane.**

Samfunnsdelen inkluderer drøftingar kring *klimatilpassing*, men det er ikkje drøfta mykje kring utsleppsreduksjon eller andre aspekt ved klimaomstilling. Det blir mellom anna ikkje sagt noko om korleis kommunen skal nå måla i Paris-avtalen, (nasjonale og regionale mål) om å redusere klimagassutsleppa med 40 % innan 2030, altså innanfor perioden denne planen skal gjelde for. **Samfunnsdelen bør presisere korleis kommunen skal ta ein leiande posisjon i dette arbeidet. Dette bør òg følgast opp i føringar for arealdelen.** Slike føringar er særleg relevante for nye utbyggingsområde eller for nye større tiltak. Til slike områder eller tiltak kan ein arealdelen legge føringar til dømes knytt til energiløysingar og tilrettelegging for kollektiv løysingar.

Kulturarv

Det er positivt av kommunen har kome i gong med utarbeiding av lokal kulturminneplan og at samfunnsdelen legg opp til at innbyggjarane skal bli godt kjende med Førde si historie og sentrale kulturminne. I dette arbeidet skal kommunen samarbeide med Musea i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, lag og organisasjonar om formidling av kulturarv og lokal kunst- og kulturhistorie. Dette er tiltak som er i tråd med satsingane i regional plan for kultur og som fylkeskommunen ynskjer å støtte opp om.

Næring

Det er positivt at sysselsettingsvekst er ei sentral målsetting i planen, og at ein legg opp til å følgje opp strategisk næringsplan for Sunnfjord. Det er også bra at ein følgjer opp målsettinga ved å legge føringar for arealdelen. **Føringane for arealdelen bør vere meir konkrete når det gjeld å definere kvar i kommunen ein skal utvikle ulike type næringsareal, og kva føringar som bør gjelde for næringsareala. I tråd med [regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra](#) skal detaljhandel primært lokalisert i sentrumsområde.**

Sentrumsutvikling

Det er positivt at ein gjennom satsingsområdet «Førde er kjent som ein kompakt by med urbane kvalitetar, pulserande kulturliv og internasjonalt mangfald» legg vekt på å styrke sentrumsutviklinga og omdømmebygginga. Dette er i tråd med satsingane i [regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur](#). Vi saknar at satsinga på sentrumsutvikling er prioritert i føringane for handlingsdelen.

I tiltak under dette satsingsområde er definert at 50% av bustadbygginga skal skje i sentrumsnære område. Førde har i arealdelen til kommuneplanen definert sentrumsområdet i Førde sentrum. Ein har ikkje definert kva som utgjer «sentrumsnære område». **I arealdelen til kommuneplanen bør ein definere geografisk kva som er rekna som sentrumsnære område. I tråd med regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur bør ein i tillegg avgrense tettstad(ane) i arealdelen. Ny og omfattande bustadbygging bør i hovudsak fokuserast om dei områda som er definerte som sentrum og tettstadane.**

Det er positivt at ein skal følgje opp tiltaka i sentrumsstrategien ved å utarbeide ein sentrumsplan. Sentrumsplanen bør vere ein områdeplan for heile Førde sentrum, der ein ser heilskapleg på utfordringar og utviklingsmoglegheiter for sentrumsområdet. Vi viser elles til vårt høyringssvar på planprogrammet til kommuneplanen og til regional strategi for tettstadutvikling og senterstrategi.

Attraktive bustader

I tråd med regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur vil vi generelt peike på at ny utbygging av bustadar i størst mogleg grad bør lokaliserast til eksisterande grender og tettstader, og vere med på å styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø. Ved lokalisering av nye bustadområde bør ein vektlegge tilknytning til eksisterande kollektivknutepunkt eller trasear.

Gjennom satsingsområda «I Førde har alle ein god stad å bu!» og «Førde er kjent som ein kompakt by med urbane kvalitetar, pulserande kulturliv og internasjonalt mangfald» legg planen opp til at minimum 50% av bustadbygginga skal vere i sentrumsnære område. Vidare har ein i føringane for handlingsdelen velt å «sikre attraktive areal til bustadbygging i heile kommunen».

I tråd med satsingane i regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur bør ny bustadbygging primært lokaliserast innanfor eller i direkte tilknytning til eksisterande sentrum eller tettstadar i kommunen, slik dei er definerte i arealdelen. I denne samanheng bør den samla ambisjonen for bustadbygging i sentrum og tettstadar vurderast om det skal vere høgare enn 50%. Føringane for handlingsdelen og arealdelen bør spegle denne satsinga.

I tillegg til å definere i kva områder ein skal fokusere planlegginga av nye bustader, bør arealdelen og legge føringar for kva kvalitetar som skal ligge til bustadområdene og kva føringar som skal gjelde ved utbygging. Arealdelen til kommuneplanen bør legge tydelege føringar for at bustadbygging i sentrale delar av Førde skal ha høg arealutnytting. I tillegg bør ein ha føringar som sikrar utvikling av god infrastruktur for gåande, syklande og reisande med kollektivtransport. Ved fortetting av eksisterande sentrum/ bustadområde ser vi det som viktig at ein tek i vare og vidareutviklar ein god og samanhengande grønstruktur, universell utforming og at omsynet til barn og unge vert ivareteke.

Naturmiljø

Planen bør definere eit generelt mål knytt til tilstanden på naturmiljø, inkludert vassmiljø, i kommunen. Dette kan til dømes passe inn under kapittel 3.2.

Den [regionale planen for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016 - 2021](#) fastset miljømål som viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassførekomstane i eit langsiktig perspektiv. Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekomstane innan 2021 med mindre det er gitt unnatak (til dømes utsett frist for å nå miljømålet eller eit lågare miljømål). Med god miljøtilstand er det meint og økologisk og kjemisk tilstand jf. Vassforskrifta. Oversikt over alle miljømål og tiltak for å nå miljømåla for den enkelte vassførekomst ligg i ein database kalla [Vann - nett](#). **Kommunen si målsetting og tiltak i samfunnsdelen bør spegle at ein skal oppnå god miljøtilstand i alle vassførekomstar innan 2021.**

Samfunnsdelen bør i tillegg legge føringar for arealdelen slik at arbeidet med å nå miljømåla vert forankra i heile kommuneplanen og integrert i plan- og byggesakar. Ein god måte å forankre arbeidet i arealdelen på er ved å definere anten generelle føresegner og retningslinjer og/eller omsynsoner med tilhøyrande føresegner og retningslinjer i område der bygging eller anna ny aktivitet kan påverke tilstanden i elv, bekk, innsjø eller kystvatn. Føresegner og retningslinjer bør stadfeste dei omsyn som er naudsynte for å ta i vare og betre miljøtilstanden i vassførekomstane. For vassførekomstar der miljøtilstanden er dårlegare enn god bør kommunen vurdere meir omfattande tiltak for å oppnå god miljøtilstand. Kommunen bør merke seg at vassforskrifta §4 generelt sett ikkje tillét ny bruk som gjer tilstanden av vassførekomstar dårlegare med mindre det er grunnlag for unnatak i tråd med vassforskrifta §12. I føringane for arealdelen bør ein inkludere retningslinjer om korleis arbeidet med vassforvaltning skal følgast opp i arealdelen.

Enkle retningslinjer i samfunnsdelen for å forankre og integrere omsynet til vassmiljø kan vere:

- Vassførekomstar (elvar, bekkar, innsjøar, kystvatn) skal nå miljømåla som er sett i den regionale vassforvaltningsplanen

- Ny arealbruk skal ikkje gjere tilstanden av vassførekomstar (elvar, bekker, innsjøar, kystvatn) verre. Der det er mogleg skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd.

Tiltak i handlingsprogrammet kan vere:

- Legge til rette i føresegn og løyver for at nye bygg og ny arealbruk ikkje fører til at tilstanden av elvar, bekker, innsjøar og kystvatn vert dårlegare
- Sørge for at nye tiltak bidreg til at vassmiljømål vert nådd der dette er praktisk og økonomisk mogleg.

4. Konklusjon

Samfunnsdelen slik den er lagt fram manglar handlingsdel. Kommunen må gjere greie for korleis ein tenker oppfylle lovkravet i pbl §11-1. Tiltaka som er definert i planen kan styrkast ved å definere kven som har ansvar for gjennomføring, kven ein tenkjer samarbeide med for å gjennomføre tiltak, og korleis økonomiske middel skal prioriterast mellom dei ein skilde tiltaka. Føringsane for arealdelen kan styrast på ved å konkretisere føringsane meir. Meir konkrete faglege innspel til arealdelen er gitt under fagtema klima, kulturarv, næring, sentrumsutvikling, attraktive bustader og naturmiljø i høyringssvaret. I tråd med regional plan for klimaomstilling og arbeid med plan for klimaomstilling for Førde kommune er det ønskelig med ei tydelegare satsing på klimaomstilling i planen.

Med helsing

Synnøve Stalheim
plansjef

Mari Johansen Aune
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Sak i Fylkesutvalet 31.08.2018.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER